



Sogn og Fjordane

Referat frå årsmøte i Støttegruppa for Sogn og Fjordane på Ulstein Hotell 08.03.2014.

Desse møtte. Kolbein Fridtun, Nils Støyva, Thor Mehammer, Eva O Fridtun, Svanhild Valvik, Per Eilert Ommedal, Eline L. Johansen, Liv Fridtun, Marte Brendefur, Ragnhild Fridtun, Ingrid Fridtun Vereide, Else Petra Fridtun, David Fridtun og Tine Nedreberg.

I starten på møtet vart det gitt helsing/fellesorientering til alle deltakarane frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal om følgjande tema:

A)Stortingsrepresentant Fredric Holen Bjørdal helsa til alle deltakarane. Han understreka trongen og nytta av å ha ei aktiv støttegruppe som har eit aktivt likemannsarbeid ute i fylka.

B)Det vart orientert om at NRK arbeider med eit Brennpunktprogram om bruk av skjønnsmidlane som kommunane har fått for å følgje opp personane som har blitt råka av det som skjedde 22.07.2011. Årsmøtet var samde om å vise førespurnadane blir viste til styreleiar Kolbein Fridtun .

C)Kolbein Fridtun orientert om arbeidet med det nasjonale minnesmerke som skal settast opp på Utøya. Gruppa har peika på tre aktuelle stadar å plassere minnesmerke. AUF skal gjere endeleg vedtak om plasseringa seinare. Kolbein bad om tilbakemelding på plassering og utforming av minnesmerke.

Sak 1. Opning og konstituering.

Kolbein Fridtun ynskte alle velkomne med å lese å lese eit dikt av Jan Magne Bruheim. Saklista vart godkjent. Kolbein Fridtun vart valt til møteleiar. Nils Støyva vart valt til sekretær. Ingrid Fridtun Vereide og Thor Mehammar vart valt til å skrive under møteboka.

Sak 2. Godkjenning av årsmelding.

Styret har hatt fire styremøte, samt fire møte i arbeidsutvalet(leiar og nestleiar). Det har vore tre hovudarrangement i 2013.

1. 22.07 markering i Stryn sentrum
2. Vennesamling i Bergen 22-24.11
3. Fagleg arrangement og julebord på hotell Loenfjord 07.12

Kolbein Fridtun gjekk gjennom framlegget til årsmelding. Det var ingen merknader til årsmeldinga.

Vedtak: Årsmøtet godkjennde årsmeldinga. Styret får fullmakt til å gjennomføre redaksjonelle endringar av årsmeldinga.

Sak 3. Godkjenning av rekneskap.

Møteleiar presenterte rekneskapen. Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 37.386. Støttegruppa hadde kr 298.763 i inntekter i 2013. Pr 31.12.2014 hadde støttegruppa kr 195.372 på konto. Det låg også føre underskrivenrevisjonsmelding.

Inntektene og utgiftene til støttegruppa kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

- Gjensidigestiftinga har gitt støttegruppa eit tilskot kr 200.000.
- Kommunane Stryn, Gloppen og Sogndal har gitt eit samla tilskot på kr 98.763.
- Kostnaden med årsmøte 02.03.2013 vart på kr 18.050.
- Minnemarkeringa 22.07.2013 hadde ein kostnad på kr 18.100.
- Vennetreffet i Bergen og juleavslutninga/fagseminaret på hotell Loenfjord hadde arrangement utgifter på kr 72.353.
- Det er betalt ut honorar til fordrag (Atle Dyregrov og Hans Jakob Reite) på kr 27.931
- Utgifter til fly-, buss- og båtbillett er 95.081. Dei største utgiftene har ein hatt i samband med vennetreffet i Bergen, juleavslutninga på Loenfjord og turen til Utøya.

Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen for 2013.

Sak 4. Innkomne forslag.

Det var ikkje komne inn forslag til årsmøtet.

Sak 5. Hovudaktivitetar i 2014.

Kolbein orienterte om planlagde aktivitetar i 2014. Årsmøte støtta styret sitt framlegg til hovudaktivitetar i 2014:

- 22.07 arrangement i Stryn sentrum
- Vennesamling
- Likemannsarbeid, sjå årsmelding

I tillegg ynskjer årsmøte at det sommaren 2014 vert arrangert ein tur til Utøya gjerne i samarbeid med Støttegruppa i Møre og Romsdal.

Sak 6. Framtida til Støttegruppa i Sogn og Fjordane.

Kolbein Fridtun orienterte årsmøtet om at det har vore vanskeleg å få oppmøte og engasjement i styret. Årsmøtet bad det nye styret om å vurdere framtida til Støttegruppa i Sogn og Fjordane. Dersom det ikkje er mogeleg å til tilfredsstillande drift og aktivitet i Støttegruppa, vert det å ta kontakt med Støttegruppa i Møre og Romsdal med tanke på samanslåing.

Sak 7. Val.

Årsmøte gjorde følgjande val for 2014. Alle vala var samrøystes.

Leiar Kolbein Fridtun

Nestleiar Nils Støyva

Styremedlem Eline Lund Johansen

Styremedlem Liv Fridtun

Styremedlem Helge Løtuft

Varemedlem Hildegunn Skår

Varemedlem Øyvind Seljeset

Revisor Morten Breidablik

Revisor Per Eilert Ommedal

Valnemnd Åshild Kjelsnes
Valnemnd Eva O Fridtun
Valnemnd Anne Lise Solheim

Møte slutt kl. 13.15

Kolbein Fridtun
Møteleiar

Thor Mehammer

Ingrid Fridtun Vereide